

# OPPBROTSTID 2010-2012

FRÅ VESTFOLD-SKOGEN TIL NORDFJORDEID

*Vi var to som over tre ti-år bygde opp eit skogsparadis i ein bøkeskog i indre Vestfold. Då ho valde seg ut av tida forsvann magien. Eg sat tilbake som ein rotvelt med udefinerte villskot og gjorde eit dikt:*

Gode minne  
er kjærteikn  
smeikande  
tidsvindar  
som glattar  
ut fórene  
etter ditt  
plogjarn  
vaskar ut  
purt gullstøv  
frå dine  
kjelder  
nærer ditt  
livsflor  
og syng  
i sårt sinn



*Eg skreiv også ei folkevise i klassisk stevform der linje to og linje fire rimar:*

## TONESETT

Eg går over enga og lunden imøte  
- og klunger og mose og lyng -  
Eg vidvankar tenksam når skogane gløder  
- og vindharpa syng -

Eg lyttar til trekroners finstemte strenger  
- og klunger og mose og lyng -  
Og blussande haustblader kransar mitt vesen  
- og vindharpa syng -

Eg følgjer min stig gjennom forsynets fasar  
- og klunger og mose og lyng -  
Eg vaskar min psyke i livsnære kjelder  
- og vindharpa syng -

Ein tanke fekk farge frå lauvet som flagra  
- og klunger og mose og lyng -  
Ei strofe har spira i tanken og molda  
- og vindharpa syng -

No lettar ein fugl frå matbrett og reiret  
- og klunger og mose og lyng -  
og flyg imot draumar og blå horisontar  
der vindharpa syng -